

Hytteigarar droppar løypetilskot

ÅSMUND SOLDAL

Preparering av skiløypene på Kvamskogen gjekk med 53.000 kroner i underskot i fjor. Ei av årsakene var svikt i innbetaling frå hytteeigarar. Tilskot til innsatsen med å leggja til rette løypenettet svikta i år med 158.000 kroner i høve til budsjettet. Ifølgje referatet etter eit samrådsmøte i regi av Kvamskogen næringslag la Kvamskogen hytteservice AS inn det lågaste tilbodet for å preparera løypene dei tre komande vintrane. Kostnaden vert 550.000 kroner per år. Moms kjem i tillegg.

Utgiftene til løypeprepareringa vert dekte med tilskot mellom anna frå Kvam herad og Hordaland fylkeskommune. I tillegg kjem frivillige bidrag frå hytteeigarar og Bergen og omland friluftsråd. Næringslaget har søkt fylkeskommunen om 60.000 kroner i 2010, medan rådmannen i Kvam vil tilrå å løyva 100.000 kroner. Dei næringsdrivande på Kvamskogen legg 44.000 fleire kroner i potten enn sist vinter. Grunneigarane aukar sitt tilskot med 10.000 kroner.

Talet på hytteeigarar som gjev frivillige tilskot gjekk i år ned med 102 frå i fjor, då 845 gav bidrag. Kvamskogen næringslag

trur det skuldast at kvemmingane har skapa turbulens med innføring av bompengar og eigedomsskatt.

Kvamskogen vel vil på vegner av næringslaget informera medlemene sine om at tilskota deira er viktige bidrag til eit velpreparert løypenett. Næringslaget har registrert at ein del brukarar ikkje er nøgde med prepareringa alle stader.

Idrettsseksjonen i Bergen kommune kan rekna med ei bøn om pengar, går det fram av referatet. Turkartet over løypenettet vart svært godt motteke sist vinter. Det må truleg trykkjast eit nytt opplag i vinter, heiter det.

[Hordaland Folkeblad 23.11.2009](#)

- Plan sprengjer gamle grenser

Fylkesmannen har varsla motsegn mot tre punkt i framlegget til reguleringsplan for Kvam fjellgrend mellom riksveg 7 og Longvotni på Kvamskogen.

Det er ikkje akseptabelt at det planlagde senterområdet vert utvida på kostnad av vassdragsnatur og landskap, heiter det i ein uttale. Planområdet er større enn den opphavlege reguleringsplanen. Det kan resultera i motsegn, heiter det.

Eit spesialområde for vassaktivitetar ved Longvotni omfattar ein parkeringsplass. Fylkesmannen hevdar framlegget sår tvil om kven spesialområdet eigentleg er meint for. I uttalen påpeikar han at det vil vera bra med ei viss tilrettelegging for aktivitetar i vassdrag på Kvamskogen, men krev at områda må vera tilgjengelege for ålmenta. Utbyggjaren, Kvam utvikling AS, kan rekna med motsegn dersom selskapet ikkje vurderer kva det påemna spesialområdet eignar seg til, og kva som er mogeleg utan inngrep som utfyllingar.

Plankartet syner ikkje om utbyggjaren har teke høgd for ein såkalla tohundreårsflaum. Etter Fylkesmannen sitt syn vil det seia at risikoen ikkje er godt nok vurdert. Skal utbyggjaren unngå ei motsegn, må selskapet finna ut kor stor flaumfaren er og skissera korleis planområdet best kan vernast.

Jamvel om Fylkesmannen ikkje vil godta framlegget slik det ligg føre, får Kvam utbygging skryt for eit "godt gjennomarbeidd planprogram".